

DISPENSASJON**Begrunnelse for dispensasjonssøknaden:** (bruk gjerne eget ark i tillegg om du trenger mer plass)

Begrunnelse for dispensasjonssøknad er også på egen ark.

Signatur(er):



Tiltakshaver

Dato og underskrift

eventuell ansvarlig søker

Vedlegg:

Beskrivelse av vedlegg	Vedlagt	Ikke Relevant
Kvittering for nabovarsel (skal alltid være med)	<input checked="" type="checkbox"/>	
Tegninger		
Situasjonsplan		
Eventuelle uttalelser / vedtak fra andre myndigheter (se SAK10 §6-2)		
Andre vedlegg: Kart.	<input checked="" type="checkbox"/>	

DISPENSASJON

**Søknad om dispensasjon i samband med arealoverføring fra gnr 14/1 til gnr 14/13,
Nedreås, 5993 Ostereidet.**

I 1975 fekk underteikna fradelt ein bustadtomt fra hovedbruket. Tomten var liten og ulendt og lagt i eit hjørne av eigedomen slik at den i famtida ikkje skulle føre til ulemper for hovedbruket verken med omsyn til tilkomst eller landbruksføremål. Vegen til tomten gjekk på ein gamal gardsveg/traktorveg som blei utbetra noko. Byggeløyve med godkjenningar av utslepp, avkjørsel til fylkesveg mm , blei gitt på 70-talet. Huset blei oppført kring 1980.

På denne tida hadde framleis foreldra våre hovedbruket og det var ikkje tatt noko avgjerd i kven som skulle overta etter dei. Den eldste av oss 3 sa tidleg fra seg retten til å overta garden. Planen var da et eg som nummer 2 skulle overta hovedbruket. På bruket var det både garasje og naust og såleis trengte eg da berre plass til sjølve huset.

I 1994 måtte vi ta den endelege avgjerdene om kven som skulle overta eigedomen. På det aktuelle tidspunktet blei det vanskeleg for meg å bu fast på plassen fordi eg hadde mitt arbeid så langt unna. Det blei rett og slett for langt og kostbart å pendla dagleg. Dessutan hadde eg ein profesjon som tilsa at det var greit ikkje å bu for langt unna UIB.

Vi gjorde no ein avtale om at den yngste av oss skulle få overta bruket rimeleg, mot at eg fekk fradelt nokre kvadratmeter meir slik at eg kunne få plass til garasje og plass til ein liten båt ved sjøen. Eg hadde fått tinglyst vegrett til sjøen og båtfeste tidlegare. Eg trengte imidlertid ein liten plass slik at eg kunne dra båten opp da det ikkje var noko god havn i området. I tillegg til naust på hovedbruket, var det fra gammalt opptrekk for båt som det var høveleg for meg å nyta. Avtalen var meint som ein del av sjølve arveoppgjeret og var vel næraast ein betingelse for å finna fram til ei god løysing. Avtalen blei underskrive av oss alle.Når det gjeld båtplasen, blir den som den er. Ingen inngrep i naturen. Ingen bygging.

Det er sjølv sagt mitt ansvar at eg ikkje fekk ordna opp i desse papira straks avtalen var skrive. Om nye lover og regler fører til at det blir vanskelig å få ordna opp i dette, føler eg at eg blir sett i ei klemme både med omsyn til arveoppgjeret og til neste generasjon. For ettertiden er det viktig at papirer er i orden. Akkurat når dette området blei definert som LNF-område, veit eg ikkje, men eg kjenner til at det medfører særlege omsyn som ein må ta og dermed søke om dispensasjon. Sjølv har eg full forståelse for at omsyn til landbruk, natur og friluft skal ivaretas. Det er berre det at det er nettopp det eg har gjort her eg bur. Etter beste evne har eg forsøkt å ta vare både på kulturlandskap, ikkje gjera unødige inngrep i terrenget verken på tomten eller ved sjøen. Like bak tomten min er det tusenvis av mål med god plass til både rev og ravn. Etter det eg veit har det stått hus på denne tomten i fleire hundre år, då med visse avbrudd. Da min bestefar kjøpte dette bruket på begynnelsen av 1900-talet, blei det gamle huset rive, da det var i svært dårlig forfatning.


Da eg tok kontakt med kommunen for rådgiving i denne saka, fekk eg vita at eg gjerne kunne søke om dispensasjon, men ville nok få avslag på søknaden. Dette gjorde meg svært betenk. Dersom så er tilfelle burde eg vel aldri fått byggeløyve av kommunen her. Dette tilsvarer vel nærmest å gi ei lov tilbakevirkande kraft. Dessutan fekk eg vita at området var definert som rasfarleg og eg av den grunn ikkje kunne eiga tomten som garasjen min står på. Nå er det vel få som har betre kjennskap til dette området enn det eg har, men eg har sjølv sagt ikkje geologisk kunnskap til å vurdere eventuell rasfare. Det eg imidlertid veit er at det aldri har kome steinar som følge av ras verken der huset eller garasjen står. Der ligg riktig nok steiner nærmere dei bratte partier i god avstand fra hus og garasje. Om det er fra istida eller seinare har eg ingen forutsetningar for å bedømma. Eg finn det likevel noko søkt at heile garden er definert som rasfarleg, men at det er område ein ikkje kan utelukke steinsprang, kan eg forstå. Den einaste plassen eg veit det har vore steinsprang ligg nokre hundre meter nordvest for tomten min, langs fylkesvegen. Når ikkje offentlege myndigheter ser ansvaret sitt her med sikring der gjerne hundrevis av biler og folk vandrer nærmast dagleg, men påpeikar at eg ikkje kan eiga garasjetomten min pga rasfare i eit område der det synest meg komplett umuleg å bruke eit slikt argument, tør eg be om forståelse for at eg blir betenk. Eg forstår også at kommunale myndigheter er satt ei klemme i og med at statsforvalteren har sitt regelverk å forholde seg til. Om eg får avslag på denne søknaden, vil eg sjølv sagt forholde meg til det, men tør be om ei fyldestgjerande og reell grunngjeving.

Topografien i denne bygda er stort sett slik, at med dagens regelverk skulle det knapt stått eit hus i heile bygda utan å kome i konflikt med loven. Avstand fra strandlinje, avstand fra høgspentlinje og avstand til fylkesveg.

Elles vil eg takka kommunen for god hjelp og informasjon vedr. oppmåling i kartverket !

Med vennleg helsing

John Fykse

A handwritten signature in blue ink, appearing to read "John Fykse", is written over a large, stylized blue arrow that points downwards and to the right. The arrow starts from the left and curves around to point towards the bottom right corner of the page.

DISPENSASJON**SØKNAD OM DISPENSASJON**

For tiltak på følgende eiendom:

Gnr: 14Bnr: 13

F.nr:

S.nr:

Adresse: stranda 625, 5993 Østereide t.

Søknaden innsendes av :

Tiltakshavers navn: John FykseTiltakshavers adresse: stranda 625, 5993 Østereide t.Kontaktperson: John FykseTelefon dagtid: 97422943 Epost-adresse: johfykse@online.no

Jeg / vi søker om dispensasjon fra: (sett kryss for det riktige)

- Kommuneplanens arealdel
 Kommunedelplan for
 Reguleringsplan (områdeplan, detaljplan, bebyggelsesplan)
 Planens navn:
- Plan- og bygningsloven (tbl)
 Byggeteknisk forskrift (TEK17)



Annet

Beskriv: Arealoverføring

Jeg / vi søker om dispensasjon fra følgende bestemmelser i tilknytning til ovennevnte:

*Jeg søker om dispensasjon for å få
 tinglyst tidligere avtale om arealoverf.
 Avtales ble gjort i 1994. For ettertiden er
 det ønskelig å eie tomten til garasjen og båt plassen.*

For å kunne bygge / gjøre: (beskriv hva du skal bygge / gjøre, som for eksempel bygge garasje, bruksendre del av eksisterende bygg fra bolig til næring osv.)

→ Ingen oppgraderinger i terreng.

Jeg / vi søker om :

DISPENSASJON

- Dispensasjon etter pbl §19-1 (permanent)
- Dispensasjon etter pbl §19-3 (midlertidig) fram til følgende dato: